



Kristian Due takkar i påskehelga for seg som sokneprest i Uskedal sokn og Husnes og Holmedal sokn for å flytta til Eidsvåg i Romsdalen, Det var i august 2010 den då 27 år gamle Due tok til som prest i Kvinnherad. No har både han og kona Ragnhild, som også er prest, fått stillingar i Møre og Romsdal.

Ho tek til som sokneprest i Nesset og han vert rådgjevar for misjon ved Møre bispedømekontor.

Påskedag er det avskilsgudsteneste for Due både i Husnes og Uskedal

kyrkje og i Uskedal vil prost Svein Arne Theodorsen delta. Dagen vert avslutta med kyrjekaffe for begge sokna i Valen kyrkje.

Biletet over vart teke då Due heldt si fyrste preike i kyrkja her i bygda.

Foto: Kristian Olav Bringedal